

Høivik har teke over i elveeigarlaget

22.05.2015



Anbjørn Høivik har teke over. Her er han saman med avtropande leiar Johannes Feet

**Anbjørn Høivik har teke over som leiar i Uskedalen Grunn- og elveeigarlag, melder laget på nettsida si. Han avløyser Johannes Feet og skiftet er skjedd før årsmøtet.**

**Høivik har vore styremedlem i fleire år og saman med han i styret sit no Feet, Tor Jarle Kjærland, Andreas Kristoffersen og Frode Stensletten.**

**Høivik er ein sentral mann i fleire samanhengar. Han er samfunnsplanleggjar i kommunen, ein krumtapp i Festidalen og har vore aktiv i idrettslaget i mange år.**

**Under årsmøtet i fjor sa han at ein kan vera uroleg for elva, men at det ikkje er noko krise. Difor må ein ikkje overreagera, men også tenkje på omdømmet utad og ikkje gjera for mkykje på stutt tid**

Den nye sesongen startar 15. juni. Skal ein fiska under opningen, kjøpar ein kort for 14. juni og har då rett til å fiska i 18 timer. Sesongen varar til 15. september og med adgang til 30 timer fiske til slutt.



Ny leiar i elveeigarlaget er Anbjørn Høivik

Styret har som varsla vedteke strenge fiskereglar også for sesongen som no kjem. Ein viktig regel er at døgnkvota maksimalt er 1 fisk på land, ein annan at sesongkvota er maksimalt 5 fiskar på land pr. person.

Ved lite vassføring over tid kan styret stengja for sal av fiskekort. Laget har 42 medlemmer etterat også Magne Huglen på Dønhaug har slutta seg til.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen